MØTEINNKALLING

KONTROLLUTVALET I DOVRE KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Tysdag 11. februar 2025	**Kl. 09.00-15.00**	**Lurven Kommunestyresalen**

Medlemmer blir med dette innkalla: Martin Killi (leiar), Magne Lunde (nestleiar), Greta Helene Talleraas, Guri Ruste, Hans-Jacob Dahl.

Varamedlem møter berre etter nærare varsel: Elisabeth Stende Simonsen, Jan Vidar Haugen, Gunvor Gauteplass, Mathias Skrugstad, Magne Botten.

Evt. forfall må varslast snarast til sekretariatat. Forfall må grunngjevast.

Sakliste

	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 1/25	Protokoll og referatsaker
Sak 2/25	Forvaltningsrevisjonsrapport om IKT-sikkerheit
Sak 3/25	Orienteringar
Sak 4/25	Førespurnad til kontrollutvalet
Sak 5/25	Forvaltningsrevisjon i 2025
Sak 6/25	Årsrapport/avregning 2024 frå Innlandet Revisjon
Sak 7/25	Eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit
Sak 8/25	Kontrollutvalets påsjå-ansvar i 2024
Sak 9/25	Årsmelding 2024 for kontrollutvalet
Sak 10/25	Kontrollutvalets årsplan

Tilleggsinformasjon

* Sak 2 med vedlegg blir delt ut i møtet.
* Guro Selfors Lund og Astrid Gerdts frå Innlandet Revisjon IKS er med på sak 2. Guro Selfors Lund er også med på sak 3 - 5.
* Vedlegg til sak 3 og 4 blir ettersendt eller delt ut i møtet.
* Det blir kaffe/te og formiddagsmat.

Otta, 31. januar 2025

Elin Marit Andgard (sign.)
SKNG

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
11.2.2025	27/2025	1/25 - 10/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Sak 1/25 Protokoll og referatsaker

Protokoll
Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 27. november 2024 var sendt ut 13.12.24.
Sekretariatet har ikkje motteke nokon merknadar.

Referatsaker
Budsjett-2025 for kontroll og revisjon
Sekretariatet orienterer om vedtatt budsjett i forhold til kontrollutvalets budsjettforslag.

Bernt svarer
Jan Fridthjof Bernt er professor emeritus ved Universitetet i Bergen. Bernt har stor kunnskap om forvaltningsrett, kommunalrett, offentlighetsloven og forvaltningsloven og er ofte omtala som "kommunelovens far".
Spalten "Bernt svarer" blir publisert om lag kvar veke i Kommunal Rapport.

18.11 Kan en inhabil ordfører skrive saksframlegg til kommunestyret, når kommunestyret bare skal komme med en henstilling?
Bernt svarer: Habilitetsreglene gjelder ved alle typer saksbehandling i kommunestyret
2.12 Kan kommunestyret delegere avgjørelse av skoledagsordningen til kommunedirektøren?
Bernt svarer: Det skal mye til før et slikt delegeringsvedtak er ugyldig
9.12 Kan kommunestyret bevilge penger til saker hvor disse ikke er nevnt i vedtatt budsjett?
Bernt svarer: Kan ikke foreta utbetalinger hvis det ikke er avsatt midler på budsjettet

Spørsmål og "ope post"

Forslag til vedtak
Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27. november 2024 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

Sak 2/25 Forvaltningsrevisjonsrapport om IKT-sikkerheit

Saksframlegg og rapporten er unnateke offentlegheit, med heimel i offentleglova §24 tredje ledd.

Sak 3/25 Orienteringar

Bakgrunn
Orienteringar er eit av kontrollutvalets verktøy for å føre kontroll med kommunen. Gjennom orienteringar blir utvalet kjent med kommunens verksemd og kan på bakgrunn av desse vurdere om det er behov for oppfølging.

Det er viktig at kontrollutvalet følgjer med på tilsyn fra andre instanser, m.a. skal forvaltningsrevisjonar og tilsyn koordinerast. Kontrollutvalet kan vurdere om tilsyn er tema på kvart møte, evt. årleg og før utvalet bestiller forvaltningsrevisjon.

Fakta
Det er bede om at kommuneadministrasjonen orienterer om følgjande tema:
- Tilsyn 2024 med resultat og lukkeplan
- Kommunens kjøp av konsulenttenester

Orienteringane er viktig bakgrunnsinformasjon til sakene om forvaltningsrevisjon i 2025 og førespurnad til kontrollutvalet.

Forslag til vedtak
Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Sak 4/25 Førespurnad til kontrollutvalet

Vedlegg
- Førespurnad – unntatt offentlegheit
- Notat om kommunens kjøp av konsulenttenester

Bakgrunn
Kontrollutvalet har motteke eit brev som omhandlar kommunens kjøp av konsulenttenester med spørsmål om dette skjer i samsvar med regelverket for offentleg anskaffelse (kjøp av varer og tenester). Brevet er ein førespurnad[1].

Førespurnadar blir vanlegvis lagt fram for kontrollutvalet som så tek stilling til *korvidt* det ynskjer å handsame førespurnaden, og i såfall *korleis* dei vel å følgje den opp.

For å få ein effektiv og smidig saksgang, meiner utvalsleiar at det er viktig med informasjon frå administrasjonen slik at kontrollutvalet har betre grunnlag for å ta stilling til saka. Det er bedt om skriftleg notat om kommunens innkjøp av konsulenttenester og kommunens rutiner for å ivareta aktuelt lovverk etterfulgt av muntleg orientering i møtet.

[1] Bokmålsordet "henvendelse" blir omsett/forklart med "førespurnad, kontakt" på nynorsk

Fakta
Brevskrivaren har registrert via kommunenes postlister at kommunene Dovre, Lesja og Vågå har fått utbetalt midler som er brukt til kjøp av konsulenttenester og stiller spørsmål ved om regler for offentleg anskaffelse er fulgt og om det har vore reell konkurranse om oppdraga. Førespurnaden omhandlar særskilt eit navngjeve firma som vedkommande meiner har hatt oppdrag og motteke kommunale midler av vesentleg størrelse.

Sekretariatet har vurdert og kome fram til at førespurnaden skal unntakast offentlegheit med heimel i offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13, og er derfor ikkje vedlagt saka. Delvis innsyn etter offentleglova § 11 er vurdert, men at heile dokumentet bør unntakast i samsvar med offentleglova § 12 punkt a og c (desse delane aleine gjev eit misvisande inntrykk av innhaldet og unnatekne opplysningar utgjer vesentleg del av dokumentet). Kontrollutvalet vil bli informert om førespurnaden i sin heilheit i lukka møte.

I sekretariatets saksframlegg er Kontrollutvalsboka og FKT sin rettleiar lagt til grunn.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eitkvart høve ved kommunens verksemd, så lenge det kan definerast som kontrollarbeid.

Kontrollutvalets handsaming av førespurnader er omtala i kontrollutvalsboka kap. 4
" Kontrollutvalet skal handsame saker knytte til revisjon og eigarskapskontroll, men dette er ikkje tilstrekkeleg for å ta hand om det løpande kontrollansvaret. Kontrollutvalet er difor avhengig av å ta opp saker på eige initiativ og få innspel til saker frå andre. Når det gjeld førespurnader frå andre parter, må kontrollutvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje. Om kontrollutvalet skal handsame ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innanfor mandatet til kontrollutvalet. I tillegg bør kontrollutvalet vurdere om saka representerer ein høg nok risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging."

Til hjelp for kontrollutvalets vurdering og handsaming har Forum for kontroll og tilsyn laga rettleiaren "Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget"
https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2022/06/15.08.22-veileder-handtering-av-henvendelser-til-kontrollutvalget-.pdf

Det er saka og innhaldet i førespurnaden som kontrollutvalet vurderer og eventuelt følgjer opp med ei kontrollhandling. Avsendar bør få svar, men det er ikkje førespurnaden i seg sjølv som skal svarast ut. Avsendar har ingen partsrett eller klagerett på kontrollutvalets vedtak.

Vurderingar
Vurderingar er gjort ut frå spørsmål/tilråding i kontrollutvalsboka og FKT sin rettleiar.

1. Er saka innanfor mandatet til kontrollutvalet?

Kontrollutvalets mandat er å være kommunestyrets utøvande kontrollorgan. Kommunens eigenkontroll skal bidra til at kommunen følger lovverket. Informasjon om evt. brot på lovverk, tilseier oppfølging av kontrollutvalet med ei kontrollhandling.

Sekretariatet vurderer at innhaldet i førespurnaden og saka er innanfor kontrollutvalets mandat og oppgåve.

2. Representerer saka ein høg nok risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging?

Førespurnaden omtalar mogleg brot på lov om offentleg anskaffelse, og det bør være låg terskel for oppfølging dersom det handlar om evt. lovbrot. Orientering frå administrasjonen vil truleg gje eit betre bilde av om påstanden er riktig og evt. omfang. Offentlig anskaffelse er ofte omtala som risikohøve med eit komplisert regelverk. Det er derfor naudsynt med høg medvite i slik saker, gode rutiner og kompetanse. Det er forventa at offentlege midler blir brukt riktig og effektivt. Feil prosessar og valg kan føre til klage, store meirkostnadar og dårleg omdømme.

Sekretariatet vurderer at saka representerer høg nok risiko for manglande regeletterleving og måloppnåing, og at det tilseier at kontrollutvalet følger opp saka.

3. Kva resultat gjev bruk av "Trafikklysmodellen[2]"?

Sekretariatet meiner at bruk av trafikkljosmodellen på førespurnaden resulterer i kryss på 10 grøne felt og to gule felt som er "delvis" på spørsmål 5 og spørsmål 12.

Vedr. spørsmål 5: Handlar førespurnaden i hovudsak om ein isolert hending?
Førespurnaden viser til eitt konsulentfirma, men det er ikkje kjent korvidt innkjøpet er ein isolert hending eller ikkje. Kontrollutvalet bør uansett vurdere innspel om enkeltsaker på systemnivå. I dette høve vil det seie å sjå på kommunens generelle praksis ved kjøp av konsulenttenester og ikkje det spesifikke oppdraget/firmaet.

Vedr. spørsmål 12: Prioritering opp mot andre kontrolloppgåver.
Kontrollutvalet får orientering om kommunens kjøp av konsulenttenester, og bør på bakgrunn av det vurdere korvidt offentleg innkjøp bør følgast opp vidare med ei kontrollhandling. Offentleg anskaffelse var nemnd i utvalets risiko- og vesentlegvurding og som prioritert/aktuelt tema for forvaltningsrevisjon.

Konklusjon
Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet følgjer opp informasjonen som framkjem i førespurnaden ut frå kontrollutvalets kontrollfunksjon og risiko- og vesentlegvurdering, og at evt. kontrollhandling bør skje på systemnivå og generelt om offentleg anskaffelse.

Forslag til vedtak
alt a. Kontrollutvalet bestiller foranalyse til evt. forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffelser.
alt b. Kontrollutvalet tek informasjonen med til rullering av risiko- og vesentlegvurdering og vil vurdere forvaltningsrevisjon på eit seinare tidspunkt.
alt c. Kontrollutvalet tek førespurnaden og motteke informasjon til etterretning og avsluttar saka.

[2] "Trafikklysmodellen" er utvikla av Deloitte AS og er attgjeve i FKTs rettleiar. Den har 12 spørsmål der kryss på raude felt peikar i retning av å ikkje følgje opp, medan kryss på grøne felt talar for å følgje opp førespurnad/henvendelse. Modellen er delt ut og gått gjennom i samband med kontrollutvalets opplæring.

Sak 5/25 Forvaltningsrevisjon i 2025

Bakgrunn
Kontrollutvalet skal påsjå at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i (kommuneloven § 23-2).
Val av tema og område blir gjort med bakgrunn i vedteke plan for forvaltningsrevisjon og kontrollutvalets kontinuerlege risiko- og vesentlegvurdering.

Fakta
Ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak, jamfør kommunelovens § 23-3.

Prioriterte tema for forvaltningsrevisjon er:
1. Internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem
2. Økonomi – offentleg innkjøp og anskaffelse

Før kontrollutvalet bestiller revisjonsprosjekt, utarbeider revisjonen ein foranalyse. Denne vil gje informasjon om korleis prosjektet kan eller bør leggast opp samt innspel til aktuelle formål, vinklingar og problemstillingar.

Vurderingar
Før kontrollutvalet bestiller ein foranalyse, tilrår sekretariatet at kontrollutvalet drøftar:
- Har motteke informasjon og orienteringar om bl.a. gjennomførte tilsyn ført til endra risiko- og vesentlegvurdering?
- Dersom ROV-en er endra, medfører det nye tema eller omprioritering av prioriterte/aktuelle tema for forvaltningsrevisjon?

Forslag til vedtak
Kontrollutvalet velger tema til foranalyse(r) på neste møte.

Sak 6/25 Årsrapport/avregning 2024 frå Innlandet Revisjon

Vedlegg
- Statusrapport 3. termin 2024
- Avregning av total ressursbruk revisjon 2024

Bakgrunn
I fylgje oppdragsavtalen mellom kommunen og revisjonen pkt 9.5 økonomirapportering:
"Innlandet Revisjon IKS rapporterer til kontrollutvalget 1. og 2. tertial (30/4 og 31/8), i tillegg til en årsrapport (31/12). Rapporteringen gjøres på samme nivå som

oppdragsavtalen og oversendes kontrollutvalget senest en måned etter utløpet av rapporteringsperioden. Tertialrapporteringene skal begrunne eventuelle vesentlige avvik mellom budsjett og prognose."

Fakta
Innlandet Revisjon IKS rapporterer ressursbruk pr. tertial og avregning pr. år.
"Selskapet skal fakturere sine tjenester ut i fra reelt medgått ressursbruk på det enkelte oppdrag. Regnskapsrevisjon (inkl. attestasjoner/bekreftelser), forvaltningsrevisjon og veiledningstjenester m.v. skal forhåndsavtales med den enkelte deltaker i en oppdragsavtale. Selskapet skal alltid operere med en timesats som gjør at selskapet over tid ikke er egnet til å gå med overskudd (selvkostprinsipp)."

	Oppdragsavtale	Ressursbruk
Regnskapsrevisjon	445 timar	429 timar
Forvaltningsrevisjon	241 timar	277 timar
Møter	15 timar	10 timar
Totalt	701 timar	716 timar

Forslag til vedtak
Kontrollutvalet tek årsrapport og avregning for 2024 frå Innlandet revisjon IKS til orientering.

Sak 7/25 Eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit

Vedlegg
- Eigenvurdering av sin uavhengigheit frå
  - Daglig leiar Anne Live Jensvoll
  - Fagansvarleg regnskapsrevisjon Steinar Christen Berg
  - Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Guro Selfors Lund
  - Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kristian Lein

Bakgrunn
Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19:
"Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget."

I fylgje Kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha god vandel. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon har fleire krav til revisor.

Fakta
Kontrollutvalet har fått tilsendt eigenvurdering for dagleg leiar, fagansvarleg regnskapsrevisjon samt oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor. Andre som utfører revisjonsoppdrag leverer sin eigenvurdering til sine overordna.

Vurderingar
I fylgje dei gjevne eigenvurderingane er samtlege uavhengige i forhold til kommunen.

Forslag til vedtak
Kontrollutvalet tek uavhengigheitsvurderingar frå Innlandet revisjon IKS til orientering.

Sak 8/25 Kontrollutvalets påsjå-ansvar i 2024

Vedlegg
- Skjema – kontrollutvalgets påseansvar

Bakgrunn
Ein av kontrollutvalets oppgåve er påsjå-ansvaret, som følgjer av kommunelova § 23-2 og forskrift for kontrollutvalg og revisjon § 3 og 5. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunens regnskap blir revidert på ein trygg måte i samsvar med lovverket og faglege standardar og at revisor innfrir lovkrava. Vidare skal utvalet sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og at revisjonsvedtak blir fulgt opp.

Fakta
For å hjelpe kontrollutvalet, har NKRF laga rettleiar "Veileder for kontrollutvalgets påseansvar av 6.12.2022" med råd og rettleiing om korleis det kan utførast.
https://www.nkrf.no/filarkiv/File/Publikasjoner/NKRFs_veileder_for_kontrollutvalgets_paaseansvar_221206.pdf
Tilrådingane er oppsummert i eit pdf-dokument til kontrollutvalet (som eit opplæringsdokument og ikkje som dokument i saka).

Kommuneloven, forskrift for kontrollutvalg og revisjon og rettleiaren frå NKRF ligg til grunn for vedlagte skjema som er ein skjematisk oversikt over korleis kontrollutvalet har utført dette påsjå-ansvaret i 2024. Rettleiaren omhandlar det totale påsjåansvaret, skjemaet tek i hovudsak for seg utvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen.

Skjemaet er meint å gje utvalet oversikt, og at saken dokumenterer korleis kontrollutvalet har fulgt opp ansvaret og er eindel av grunnlaget for årsmeldinga.

Vurderingar
For å ivareta påsjå-ansvaret overfor revisjonen er det viktig med god dialog med revisor gjennom året. Sekretariatet vurderer at kontrollutvalet har følgt opp sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen og tilrår kontrollutvalet å slutte seg til dei vurderingar som er gjort.

Forslag til vedtak
1. Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som går fram av skjemaet "Vurdering av kontrollutvalgets påse-ansvar 2024" og at kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen for 2024 med dette er utført og dokumentert.
2. Kontrollutvalet orienterer kommunestyret om sitt påsjå-ansvar via årsmeldinga.

Sak 9/25 Årsmelding 2024 for kontrollutvalet

Vedlegg
- Årsmelding 2024

Bakgrunn
Kontrollutvalet skal rapportere om resultata av sitt arbeid til kommunestyret (kommuneloven § 23-5). Det kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding eller ein kombinasjon av dei to måtane. Rapportering til kommunestyret for året 2024 skjer i form av kontrollutvalets årsmelding for 2024.

Forslag til vedtak
1. Kontrollutvalet godkjenner årsmelding 2024 med dei endringar som vart gjort i møtet.
2. Kontrollutvalget sender årsmeldinga til kommunestyret med fylgjande INNSTILLING: Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2024 til orientering.

Sak 10/25 Kontrollutvalets årsplan

Vedlegg
- Årshjul – årsplan 2025

Bakgrunn
"Kontrollutvalet er eit lovpålagt utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. For å fylle denne rolla har utvalet omfattande oppgåver og vid innsynsrett i kommunale forhold. Kontrollutvalet kan gjere dei undersøkingar som utvalet finn naudsynt for å utføre si kontrolloppgåve på vegner av kommunestyret."
(Side 17 i kontrollutvalsboka, som er departementet sin rettleiar.)

Orienteringar og verksemdsbesøk er to verkemidlar kontrollutvalet har for å ivareta kontrollansvaret sitt. Denne saken handlar om å planlegge utvalets arbeidet i 2025 med å prioritere orienteringstema og at utvalet drøftar om utvalet ynskjer å gjennomføre verksemdsbesøk og evt. velge kvar.

Fakta
Gjennom kontrollutvalets arbeid har følgjande orienteringstema vore nemnde:
- Status i kommunen som fast tema på alle kontrollutvalsmøter
- Status og revidering av kommunens planverk (planstrategi)
- Status og revidering av (overordna) reglement
- Plan og status for vedlikehald av bygg og anlegg
- Kommunens kriseplan (informasjonstryggleik, beredskap og ressurser for etterarbeid
- HMS-planer og -tiltak, inkl. medarbeidar og arbeidsmiljøundersøkingar
- Skulestatus – elevundersøkingar, nasjonale prøver, stabssamarbeid

- Brukarundersøkingar (helse og oppvekst)
- Stillingsheimlar og tilsette pr. ulike tenesteområder
- Rutiner for journalføring/arkiv
- Rutiner for svar på henvendelser
- Varsel om tilsyn og tilsynsrapporter, løpande

Som årsplanen viser er det planlagt oppfølging av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av NGR i april-møtet og oppfølging av tidlegare revisjonsprosjekt i juni-møtet. Til kontrollutvalets handsaming vil det foreligge oppsummering pr. prosjekt med problemstillinger og konklusjoner, revisors tilråding og utvalets vedtak.

Aktuelle orienteringstema kan komme undervegs i året på bakgrunn av mediaoppslag, endringar i kommunen, innspel frå utvalet og andre osb.

Kontrollutvalsboka omtalar verksemdsbesøk som ein av fleire måtar som kontrollutvalet kan føre kontroll. Formål med kontrollutvalets verksemdsbesøk er å gjere seg kjent med og skaffe seg kunnskap om korleis kommunens verksemder blir drive.

I kap. 4 står det:
"Føremålet med verksemdsbesøk er mellom anna å
- *bli kjent med verksemda og å gjere kontrollutvalsarbeidet kjent i kommunen*
- *undersøke generelt om krav til internkontroll er kjende i verksemda, og om sentrale føringar knytte til t.d. etikk er kommuniserte*
- *sjekke utvalde områder som t.d. HMS, offentlege anskaffingar o.l. ved å få orienteringar om og innsyn i system og rutiner*
- *få innspel til risikoanalysane og planarbeidet til kontrollutvalet"*

Kontrollutvalet kan utarbeide prosedyre for slike besøk og legge besøk inn i årsplanen.

Vurderingar
Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet prioriterer (rangerer) dei ulike orienteringstema og vel ei kommunal verksemd for besøk i løpet av året. Det vil være tenleg at kontrollutvalet har retningsliner for verksemdsbesøk, m.a. korleis utvalet planlegg besøket med tankje på om det er bestemte tema det ynskjer å ha fokus på, kven utvalet ynskjer å møte, evt. førebuingar i form av tilsendte dokument osb.

Forslag til vedtak
1. Kontrollutvalet prioriterer orienteringstema slik
    a.
    b.
2. Kontrollutvalet ynskjer å besøke følgjande kommunal verksemd i løpet av 2025
    a.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram forslag til retningsliner for verksemdsbesøk.